

# Fagskuletilbod innan landbruk:

## *Studieplan for*

### *«Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi»*



*Fagskulen Sogn og Fjordane*

## Innhold

OPPSUMMERING.....	4
1.0. BESKRIVNING AV UTDANNINGA «MJØLKEPRODUKSJON MED BRUK AV ROBOTTEKNOLOGI» ...	5
1.1. Innleiing .....	5
1.2. Samarbeid med næringa .....	8
1.3. Målgruppe .....	8
1.4. Tittel .....	9
1.5. Læringsutbytte .....	9
1.6. Omgrepsavklaring.....	10
1.7. Opptakskrav.....	10
1.8. Oversikt over tema og emne .....	11
2.0. ORGANISERING AV STUDIET OG UNDERVISNINGSFORMER .....	12
2.1. Heiltidsstudie.....	12
2.1.2 Varierte undervisningsformer og rettleiing heiltidsstudiet.....	13
2.2. Nettstudie med samling .....	14
2.2.2 Varierte undervisningsformer og rettleiing nettstudie med samling .....	15
2.3. Rettleiing og refleksjon for eigen læring .....	16
2.4. Mappevurdering.....	16
2.5. Responstid .....	16
2.6. Fordjupningsoppgåve .....	16
2.8. Evaluering av studiet .....	17
3.0. VURDERING, EKSAMEN og SLUTTDOKUMENTASJON .....	17
3.1. Vitnemål .....	17
3.2. Karakterutskrift .....	17
3.4. Eksamensordning .....	17
3.5. Kvalitativ forklaring av karaktertrinn.....	17
4.0 EMNEBESKRIVELSE .....	19
4.1. Innhald og læringsutbytte i emne 1: Driftsleiing og økonomi.....	19
4.2. Innhald og læringsutbytte for emne 2: Grovfôrproduksjon.....	22
4.3 Innhald og læringsutbytte emne 3: Mjølkeproduksjon og robotteknologi.....	25
4.4. Innhald emne 4: Prosjektoppgåve.....	28
Litteraturliste.....	29



## OPPSUMMERING

«Mjølkeproduksjon med bruk av robot-teknologi» er eit 1-årig fagskuletilbod. Studietilbodet er delt opp i fire hovudemne. Studiet er tenkt for noverande og framtidige mjølkebønder, tilsette i leverandørindustrien og rådgjevarar innan for moderne mjølkeproduksjon. Studiet vil anten gå over eit år som eit heiltidstilbod. Men vi vil også gjennomføre fagskuletilbodet som eit deltidsstudium basert som samlingsbasert dersom interessa viser seg å vere større for det. Dette vil gå over to skuleår/fire semester.

### Hovudmål:

Hovudmålet er at utdanninga skal vere både samtidsretta og framtidsretta med hovudvekt på teori i praksis. Studentane skal etter avslutta utdanning forvalte eigne landbruksføretak eller kunne gje gode råd etter næringa og samfunnets behov.

Tal mjølkebruk har gått betrakteleg ned dei siste 20 åra. Samstundes har tal mjølkebruk med over 30 mjølkekyr auka. Mjølkeproduksjon med eit større driftsapparat er ei utviklinga vi har sett innanfor mjølkeproduksjon i Norge. Dette er ei relativt ny produksjonsform for dei aller fleste bønder, noko som krev ny kompetanse. Inn til nyleg har større driftseiningar valt å ta i bruk mjølkerobot. No går trenden mot at fleire mindre driftseiningar, rundt 18-20 kyr, investerer i mjølkerobot. Dette syner at moderne teknologi er på stor fart inn i norsk landbruk. Norsk Institutt for bioøkonomi (NIBIO) har berre det siste året sett ei stor auke i interessa for ny teknologi, og dei er ikkje i tvil om at mykje vil skje på kort tid på områder utafor fjøsets vegger også.

Etter gjennomført studie skal studentane kunne

- Etablere, leie og/eller drive eit eige landbruksføretak med hovudvekt på mjølkeproduksjon i robotfjøs.
- Kunne nytte seg av og vurdere ulike planer og styringsverktøy for utvikling av landbruksføretaket ut i frå bedriftsøkonomiske og agronomiske vurderingar.
- Kunne nytte moderne robotteknologi i lausdriftsfjøs, både i ein planleggingsfase, under etablering og i den daglege drifta.
- Kunne nyttiggjere seg av presisjonslandbruk i fôr dyrking
- Kunne kommuniserer og vidareformidle faglege råd innan for mjølkeproduksjon.

### Opptakskrav

Søkjarane kan tas opp på to vilkår. Anten gjennom ordinært opptak, basert på fullført treårig vidaregåande opplæring innanfor naturbruk. Det er i tillegg mogeleg å bli tatt opp til studiet på bakgrunn av realkompetansevurdering.

### Tittel

Etter fullført studium oppnår studentane tittelen «Fagskulekandidat i mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi».

## 1.0. BESKRIVNING AV UTDANNINGA «MJØLKEPRODUKSJON MED BRUK AV ROBOTTEKNOLOGI».

### 1.1. Innleiing

Norske bønder har vore raske med å ta i bruk ny teknologi for å optimalisere eigen produksjon. Teknologiutviklinga med blant anna nye maskiner, traktorar, driftsbygningar og automatisering har vært produktivtetsfremjande og arbeidseffektiverande, og det har endra måten landbruket blir drive på. (St.mld.11).


Landbruket er ei næring som krev mykje kompetanse, både teoretisk og praktisk. Bonden krev agronomisk og økonomisk kompetanse. Og no, i kanskje enda større grad enn tidlegare, er data teknisk kompetanse også blitt naudsynt i endå størregrad. Landbruket er inne i ei stor omstillingsfase. Spesielt store omveltingar ser vi innanfor mjølkeproduksjon. Om lag 57 % av dagens mjølkeproduksjon går føre seg i nye robotfjøs. I Sogn og Fjordane er dette talet lågare (sjå tabell 1). I Sogn og Fjordane blir det bygd om lag 10-12 nye robotfjøs pr. år. På landsbasis er det no i overkant av 1700 robotfjøs. Denne nye driftsforma krev ny kompetanse utover det ein tradisjonelt har trengt i dei tradisjonelle båsfjøsa. Moderne teknologi ser vi er på veg inn i landbruket utafør fjøset også.

Tabell 1. Statistikk frå 2017. Data henta i frå Tine, dermed er det bere leverandørar til Tine som kjem fram i denne oversikta.

	Sogn og Fjordane	Heile landet (Tine)
Tal mjølkeprodusentar	798	8029
Gjennomsnitt levert i 2017	130 000	175 000
Lausdrift i % i 2017	42	57
Lausdrift liter	43 327 573	79 699 463
Tal robotfjøs	100	1768

Moderne teknologi ser vi er på veg inn i landbruket utafør fjøset også, på det agronomiske området. Innan dyrkingsteknikk har det og skjedd mykje innan presisjonsjordbruk. Eit nytt fagskuletilbod innan «Mjølkeproduksjon med bruk av robot-teknologi» vil kunne møte fleire av dei nye faglege utfordringane som trengst.

Norsk landbruk er sterkt mekanisert i verds målestokk. Ein tredjedel av mjølkemengda blir no mjølka av ein robot. Dei første mjølkerobotane ble installert i 2000, i 2006 var det 170 mjølkerobotar og ved utgangen av 2015 var det 1 610 mjølkerobotar i landet. Denne mekaniseringa har mellom anna ført til at totalt utført arbeidsforbruk pr. bedrift, er redusert med ein tredjedel (sjå figur 1). Det skuldast mekanisering, effektivisering av arbeidsprosessane og i nokre grad auka innleigde tenester (St.meld. 11).




Figur 28 Antall jordbruksbedrifter med melkekyr (høyre akse), og antall bruk fordelt på størrelse målt i gjennomsnittlig antall kyr per bruk.  
Kilde: Resultatkontrollen

Figur 1. Utvikling i tal mjølkebruk går ned. Parallelt går besetningsstørrelsen opp (Statistisk Sentralbyrå).

Frigjering av arbeidskraft knytt til mjølkning er eit gode for bonden. Det gir mellom anna større moglegheiter til å ha ordna fritid. Teknologien gjer det mogeleg å overvake helsa til jura, hygieneforhold og mjølke kvalitet. Roboten er positiv for dyrevelferd fordi kyr i større grad enn med manuell mjølkning kan styre mjølketidspunkt og tal mjølkingar, noko som også gir gevinst i form av høgare yting. Det har også blitt stadig vanlegare å ta i bruk fôringsvogner i norske fjøs. Elektronisk styrte fôringsvogner blander og rasjonerer fôret ut til dyra fleire gonger dagleg, og fersk fôr gir større næringsopptak og auka mjølkeproduksjon (St.meld. 11).

Presisjonsjordbruk er også på veksande front. Mange bønder har tatt i bruk sensorteknologi for å optimalisere produksjonsprosessen. Dette bidrar til å redusere kostnadane til gjødsel og plantevern i tillegg til at det kan gi større avlingar og betre kvalitet. I tillegg til å optimalisere produksjonen er dette teknologi som er meir miljøvennleg fordi plantane berre blir tilført det dei tar opp og nyttiggjer seg. På den måten blir klimagassutslepp og anna forureining redusert (St.mld.11).

I Stortingsmeldinga (nr11) at jordbruket må i aukande grad forholde seg til den internasjonale utviklinga innan sektoren og bruk av ny teknologi og nye produksjonsmåtar er avgjerande for å styrke konkurransekrafta i næringa. Drivarane i næringa for å ta i bruk ny teknologi er mellom anna knytt til høge produksjonskostnadar, kompetente gardbrukarar og kunnskapsbasert rådgjeving. Figur 2 viser noko av utviklinga i næringa på ulike område.



Figur 2. Ulike mål er brukt for å synleggjere utvikling i størrelse på jordbrukseiningar.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har ansvaret både for den vidaregåande opplæringa og opplæringa innan for fagskulen. Ved eit nytt fagskuletilbod innan naturbrukssektoren er det gode mogelegheiter for å utvikle eit heilskapleg utdanningsløp som tek på alvor dei store omveltingane innan for landbrukssektoren i regionen og nasjonalt. Landbruksdrift krev god kunnskap om bedriftsleiing, økonomi, teknikk og agronomi. Landbruket har eit mangfald av læringsarenaer, som inkluderer både det formelle utdanningssystemet og andre former for kompetanseutvikling.

I stortingsmelding 11 kan vi lese at: «Ei arbeidsgruppe som vart satt ned etter St.meld. 10, kom med forslag til tiltak på viktige områder som kompetanse, bonden som bedriftsutviklar, sosiale forhold og næringens omdømme. Rekruttering av kompetente næringsutøvere forutsetter at det finnes attraktive utdanningstilbud med høy kvalitet både innen grunntutdanningen i landbruket, innen etter- og videreutdanningstilbudet, og for andre kompetansebyggende tilbud som er tilpasset bønderens livssituasjon. Utvikling av relevante utdanningstilbud er i hovedsak statens ansvar, men forutsetter et godt samarbeid med næringen. Kompetansebehovet i landbruket har endret seg i takt med modernisering og utvikling i næringen. (...) På vidaregåande nivå tilbys det gjennom programfaget naturbruk flere programområder, deriblant landbruk og gartnærning. Den utdanningen som næringsutøvere trenger for å være selvstendig næringsdrivende ut over dette, må enten tas på fagskolenivå eller annan tilpasset etter- og videreutdanning. (...) Fagmiljøene på naturbrukskolene er viktige kompetansesentra for å formidle kunnskap til næringen. (...) Det er i dag relativt få utdanningstilbud på fagskolenivå innanfor landbruk. Landbruks- og matdepartementet vil derfor sammen med næringen og fylkeskommunene vurdere behovet for å utvikle både flere og mer spissede fagskuletilbud rettet inn mot næringsutøvere og rådgivningsapparat». Dette viser at eit fagskuletilbod innanfor mjølk og robotteknologi er både riktig og viktig å få på plass.

Ut i frå landbruksbarometeret 2017 (figur 1) ser vi at tal mjølkebruk har gått betrakteleg tilbake dei siste 20 åra. Men vi ser og at tal mjølkebruk med over 30 mjølkekyr aukar. Mjølkeproduksjon med eit større driftsapparat er utviklinga vi ser innan for mjølkeproduksjon i Norge. Dette er ei ny produksjonsform for dei aller fleste bønder, noko som krev ny kompetanse. Men vi ser også at ei ny trend er på veg inn i landbruket. Fleire bønder set no inn mjølkerobotar i besetningar på 18-20 kyr. Mobile mjølkerobotar er også på veg til Norge. Dei vil bli brukt både på hovudbruket og på stølen. Fleire bønder ser at mjølkeroboten kan endre delar av deira livsstil. Det kan vere ei endring i korleis ein tradisjonelt sett også har sett på økonomien. Mange ser no i i større grad på totaløkonomien på garden og familiesituasjonen som ein heilskap.

Norsk Institutt for bioøkonomi (NIBIO) ser også no ein stor auke i interessa for det som har med presisjonslandbruk og bruk av ny teknologi knytt til det agronomiske. NIBIO meiner at det vil skje enormt mykje disse neste åra på denne fronten. Dette vil også ha betydning for mjølkebønder som produserer og har behov for store mengder grovfôr.

I arbeidet med å bli meir sjølvforsynte med protein i fôret vil vi kunne sjå at nye proteinvekstar vil bli tatt i bruk. Vekstar som vil tole større nedbørsmengder kan også få eit oppsving. Parallelt med klimaendringar vil fokus på miljø vere enda viktigare enn vi ser berre i dag.

## 1.2. Samarbeid med næringa

Avdeling Mo og Øyrane vgs og representantar frå næringa og faglagar var samla fyrste gang til eit møte 15.03.2016. Det var da diskutert kva bonden og landbruksnæringa har behov for når det gjeld kompetanseheving i landbruket. Representantar frå ulike delar av næringa har derfor vore med under heile prosessen frå tanken om å etablere eit nytt fagskuletilbod til å arbeide med innhaldet i studieplanen. Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Småbrukarlag, Norsk Landbrukstenester, TINE, Nortura, Sunnfjord Rekneskapslag og utstyrsleverandørar har stilt med representantar inn i arbeidet. Dette har vore ein svært viktig del av prosessen. Mo og Jølster vgs har vore representert med både leiar og fleire faglærarar i dette arbeidet. Alle har vore med å bidrege med fagleg innhald inn i utdanninga og dermed sikra at utdanningsløpet er fagleg kvalitetssikra og tilstrekkeleg spissa.

## 1.3. Målgruppe

Fagskuletilbodet skal vere eit studie med både praktisk og teoretisk innhald. Målgruppa er:

- Bønder/framtidige bønder som ønskjer meir kunnskap innanfor moderne mjølkeproduksjon.
- Agronomar som ønskjer ei høgare utdanning utover den vidaregåande utdanninga
- Tilsette/framtidig tilsette i rådgjevingsapparatet innan landbruk
- Røktarar/avløysarar i mjølkeproduksjonen
- Teknikarar som beherskar systemteknikken

#### 1.4. Tittel

Etter fullført studium vil studentane få tittelen: «Fagskulekandidat i Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi».

#### 1.5. Læringsutbytte

Læringsutbytte er ein beskriving av kva ein student veit, kan og er i stand til å gjere som resultat av ein læringsprosess. Læringsutbytte er i forhold til krava i «Nasjonalt Kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring» (NKR). Denne fagskuleutdanninga ligg i læringsutbyttebeskrivinga på nivå 5.1. i kvalifikasjonsrammeverket då den er eit eittårig studium.

Læringsutbytte er konkretisert i forhold til *kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse*. Læringsutbytte er omskrive under kvart einskild emne i kap. 4.0. i læreplanen.

Fagskuleutdanninga skal gi ei heiskapeleg forståing innanfor mjølkeproduksjon og robotteknologi. Fokuset er retta mot utvikling og optimalisert drift av landbruksføretak med robotfjøs som hovudfokus. Presisjonslandbruk, miljø, leining og økonomi er også i varetatt i studiet.

Tabell 1. Dette er det overordna læringsutbytte studentane skal oppnå i dette studietilbodet:

<b>Kunnskap</b>	<b>Studenten:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>➤ har kunnskap om moglegheiter innan robotteknologi og presisjonsjordbruk som ein kan nyttiggjere seg av</li><li>➤ har kunnskap om relevant dataverktøy som blir nytta innanfor mjølkeproduksjon</li><li>➤ har kunnskap om bedriftsleiing og økonomi i landbruket, med spesielt vekt på mjølke – og kjøtproduksjon i robotfjøs</li><li>➤ har kunnskap om dyrevelferd og helse i robotfjøs</li><li>➤ har kunnskap om førplanlegging i robotfjøs</li><li>➤ har innsikt i relevant nasjonalt lovverk og kvalitetskrav</li><li>➤ har kunnskap til å oppdatere sine yrkesfaglege kunnskapar innan robotteknologi i husdyrhald.</li></ul>
<b>Ferdigheiter</b>	<b>Studenten:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>➤ kan anvende ulike økonomiske analyser og berekningar som har innverknad på drifta</li><li>➤ kan anvende aktuelle planleggings – og styringsverktøy og bruke dei i eigen drift og/eller ved rettleiing av andre</li><li>➤ kan anvende kunnskapen sin til å styre produksjonen og løyse utfordringar på ein framtidsretta måte,</li><li>➤ kan anvende ny teknologi for å betre resultatane i drifta</li><li>➤ kan kartlegge drifta og gjennomføre nødvendige tiltak</li><li>➤ kan nytte produksjonsrapportar til forbetring av drifta</li><li>➤ har økonomisk kompetanse for drift av eit føretak</li></ul>
<b>Generell kompetanse</b>	<b>Studenten:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>➤ kan utvikle gode arbeidsmetodar og produkt for optimalisering av drifta på føretaket, kan vurdere aktuelle samarbeidsmodellar</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ har forståing og handlingskompetanse til å gjennomføre gode og berekraftige avgjerder for eigen drift og samfunnsmessige mål</li> <li>➤ kan utvikle gode arbeidsmetodar for ei rasjonell drift av føretaket</li> <li>➤ kan gjennom planer og praktisk utført arbeid produsere mjølk og kjøtt som held god kvalitet (som held gjeldande kvalitetskrav)</li> <li>➤ har praktiske ferdigheiter til å etterleve krav til dyrevelferd ved stell og føring i storfeholdet</li> <li>➤ kan bygge relasjonar med fagfolk, på tvers av fagområde og med eksterne målgrupper innan husdyrhold</li> </ul>
--	--

## 1.6. Omgrepsavklaring

Omgrep i mjølkeproduksjonen:

*Mjølkeproduksjon:* I dette studiet er det produksjon av mjølk i hovudsak lausdriftsfjøs som blir vektlagt. Mange av disse fjøsa vil ha minst ein robot.

*Robot-teknologi:* Det er fleire typar robotar på marknaden. Med robot-teknologi meiner vi system rundt roboten, ikkje berre roboten, men også all logistikk rundt. I eit lausdriftsfjøs er det også meir enn mjølkeroboten.

Omgrep i læreverket

*Emne:* Emne omfattar eit større fagområde.

*Tema:* Eit emne er delt opp i mindre fagspesifikke område. Tema er nivå under emne.

*Fagskulepoeng:* Eining for poengomfang av fagskuleutdanninga. Eit års fulltidsstudium utgjer 60 fagskulepoeng. Fagskulepoeng gjennom ein fagskule gjev ikkje automatisk opptak til høgskular. Det er opp til kvar einskild høgskule å godkjenne fagskulepoeng frå fagskulen. Men eit fagskulepoeng skal likestillast med eit høgskulepoeng.

## 1.7. Opptakskrav

Studentane kan bli tatt opp gjennom ordinært opptak eller ved å bli realkompetansevurdert.

### 1.7.1 Ordinært opptakskrav:

Søklarane må ha fullført treårig vidaregåande opplæring innanfor naturbruksprogrammet basert på VG2 «landbruk og gartnarnæring».

- Unntatt utdanning innan fiske og fangst, akvakultur, skogbruk, hest og hovslagarar, anleggsgartnar og idrettsanleggfag og reindrift.

### 1.7.2. Realkompetansevurdering

Søklarane kan bli vurdert på bakgrunn av realkompetansevurdering. Det inneber at søkjaren:

- må ha minst fem års relevant yrkespraksis eller skulegang som gir kompetanse som er likeverdig med Vg3-nivå.
- Kan bli vurdert på bakgrunn av dokumentert yrkespraksis innanfor mjølkeproduksjon, kurs, andre skular og utdanningar eller organisasjonsarbeid og likande som kan gi kompetanse som totalt sett er likeverdig og på nivå med ordinært opptak.

### 1.7.3. Opptak, poengberekning, vurdering og rangering av søkjarar.

Opptak, poengberekning (sjå tabell 2), vurdering og rangering av søkjarar gjerast av eigen opptaksnemnd. Opptaksnemnda består av fagskulens avdelingsleiarar og rektor, der rektor er leiar for nemnda.

Studiet er delt inn i fire emne. Det er mogeleg for studentane å søkje om fritak frå eit emne dersom det kan dokumenterast at han/ho har tilsvarende emne frå før, på tilsvarende eller høgare nivå enn i dette fagskuletilbodet.

## 1.8. Oversikt over tema og emne

Nedanfor synes tabellen korleis fagskuletilbodet er inndelt i fire hovudemne. Kvar einskild hovudemne er delt inn i ulike tema. Alle tema vil det bli undervist i, lagt til i praksis eller bli gitt som litteraturstudium eller som oppgåveløysing. Tabellen synes også korleis kvart emne blir vekta, både med studiepoeng og tal timar.

Tabell 3. Oversikt over tema og emne i studiet.

	<b>Tema</b>	<b>Omfang Studiepoeng</b>	<b>Timar</b>
Emne 1	Driftsleiing og økonomi <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rammevilkår</li> <li>- Bedriftsøkonomi</li> <li>- Rekneskapsforståing</li> <li>- Leiing, inkl. arbeidsgjevaransvar</li> <li>- Yrkesretta kommunikasjon</li> </ul>	10	283
Emne 2	Mjølkeproduksjon og robotteknologi <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mjølkeproduksjonen si utvikling</li> <li>- Robotteknologi</li> <li>- Ernæring</li> <li>- Føring i robotfjøs</li> <li>- Dyrehelse, dyrevelferd, avl og fruktbarheit i robotfjøs</li> </ul>	30	851
Emne 3	Grovfôrproduksjon <ul style="list-style-type: none"> <li>- Jordkultur og jordbearbeiding</li> <li>- Plantekultur</li> </ul>	10	283

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Presisjonslandbruk</li> <li>- Landbruk og miljø</li> <li>- Hausting og ensilering</li> </ul>		
Emne 4	Hovudprosjekt <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fordjupningsoppgåve innan mjølkeproduksjon</li> <li>- Valfri problemstilling, godkjennast av fagpersonar</li> </ul>	10	283
SUM		60 studiepoeng	1 700 timar

## 2.0. ORGANISERING AV STUDIET OG UNDERVISNINGSFORMER

Vi har to måtar å organisere studiet. Det første året vil vi kunn starte opp den eine studiet. Det vil sei enten heiltidsstudiet over eit år eller nettstudium med samling over to år (fire semester). Interesse for dei ulike studia vil bli avgjerande for kva vi startar det første året. Interesse vil også avgjere om vi startar begge studia dei seinare åra. Under finn du informasjon knytt til organisering av begge studieformane; emneoversikt, arbeidsbelastning og plan for gjennomføring av utdanninga.

### 2.1. Heiltidsstudie

Utdanninga er bygd opp av fire hovudemne som består av fleire undertema. Dei tre første emna er definert som grunnlagsemne for det siste fagemnet, gjennomføring av hovudprosjekt.

Undervisninga følgjer eit vanleg studieår, fordelt over to semester, sjå tabell 4. Det blir lagt opp til fleire praktiske øvingar i skulefjøsset. Undervisninga blir også lagt til andre fjøs i skulen sitt nærrområde. Dette for å sikre ein breiare erfaring på ein skilde emne.

Undervisninga vil være modulbasert. Studentane får undervisning i eit emne før ein startar på noko nytt. Ein modul varer i om lag 2 veker. Mange av modulane vil bli avslutta med individuelle og/eller gruppeoppgåver.

Tabell 4. Gjennomføringsmodell. Fordeling av emne på semester for heiltidsstudiet.

Emnekode	Emnenamn	Studiepoeng	H 2019	V 2020
E1	Økonomi og driftsleiing	10	5	5
E2	Grovfôrproduksjon	10	5	5
E3	Mjølkeproduksjon og robotteknologi	30	18	12
E4	Hovudprosjekt	10	2	8
	<b>Totalt</b>	<b>60</b>	<b>30</b>	<b>30</b>

Nedanfor, i tabell 5, blir det synleggjort korleis studentane si undervisning blir lagt opp på heiltidsstudiet.

Studieplan Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi

**Kommentert [ATK1]:** Kapitelet er endra i innhald og organisering av innhaldet. Heiltid og nettstudie med samlingar blir omtala i kvar sine underpunkter. Dette meiner vi gir studentane ein betre forståing for dei to tilboda. Vi tenkjer å starte ein klasse, men dette er vurderingar vi må endelig stilling til når vi ser kor stor interessa for studiet blir.

Tabell 5. Fordeling av ulike undervisningsformer og læringsaktivitetar på dei ulike emna for heiltidstudiet.

Emne- kode	Emnenamn	Studie- poeng	Under- visning/ Rettleiing	Sjølvs- studium	Utferd/ bedrifts- gards- besøk	Gruppe- arbeid	Eksamens- førebuing	Sum
E1	Økonomi og driftsleiing	10	128	80	5	50	20	283
E2	Grovfôr- produksjon	10	123	90	10	40	20	283
E3	Mjølke- produksjon og robotteknologi	30	460	201	80	50	60	851
E4	Hovudprosjekt	10	83	150	20	10	20	283
	<b>Totalt</b>	<b>60</b>	<b>794</b>	<b>521</b>	<b>115</b>	<b>150</b>	<b>120</b>	<b>1700</b>

### 2.1.2 Varierte undervisningsformer og rettleiing heiltidsstudiet

Det blir lagt opp til variert undervisning. Det vil være tradisjonelle førelesningar i klasserom, i tillegg til mykje øvingar i skulen sitt fjøs. Det blir også lagt opp til bedrifts- og gardsbesøk. Dette for at studentane skal komme ut å sjå ulike problemstillingar bli løyst på ulike måtar i praksis. Det er fagansvarleg som er ansvarleg for val av studiebesøk. Det er også naturleg med besøk til slakteri (Førde eller Nordfjord) for å gå meir i djupna på klassifisering av storfeslakt, sjølv om dette ikkje er ein stor del av studiet.

Det er lagt opp til rettleiingstid individuelt og i grupper. Fagleg rettleiinga vil hovudsak gå føre seg i undervisningstimane. Er det uavklara ting utanom undervisninga er lærarane tilgjengelege i arbeidstid og etter avtale. All fagskuleutdanning krev at utdanninga er fagleg retta. Gjennom oppgåveløysing blir det lagt til rette for at studentane aktivt kan byggje på dei tidlegare erfaringane sine, og kan reflektere over erfaringane gjennom møte med relevante døme og problemstillingar.

Val av læringsaktivitetar er gjort for at studentane skal få ei vidareutdanning som skal gi studentane ei praktisk og teoretisk spesialisering. I tillegg skal dei utvikle evna til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutføring. Dette skal dei mellom anna vise gjennom hovudprosjekt som er lagt til slutten av studiet.

Faglærarar ved fagskulen, avd. Mo, vil i hovudsak verte nytta til undervisning. Det er også naudsynt å hente inn spisskompetanse både frå næringslivet i fylket, men også nasjonalt. Dette for å sikre best mogleg kvalitet på undervisninga for det einskilde emne. Vi vil primært nytte oss av ressurspersonar frå våre samarbeidspartar, det vil sei organisasjonar i næringa.

## 2.2. Nettstudie med samling

Nettstudiet med samling er bygd opp av fire hovudemne som består av fleire undertema. Dei tre første emna er definert som grunnlagsemne for det siste fagemnet, gjennomføring av hovudprosjekt.

Det blir lagt opp til 7 samlingar per skuleår. Samlingane vil gå over 3 dagar med 10 timar undervisning kvar dag. Undervisningsmateriell og oppgåver vert lagt ut i den digitale læringsplattforma Teams. Kommunikasjonen mellom studentane (gruppe- og refleksjonsarbeid) og mellom lærar og student vil mellom samlingane gå føre seg på denne læringsplattforma Teams og undervisningsverktøyet Adobe Connect.

Studiet vil gå over to skuleår (fire semester), sjå tabell 6. Undervisninga er i hovudsak lagt til samlingane, men undervisning vil også gå føre seg på nett mellom samlingane. Undervisninga mellom samlingane vert avtalt på samlingane. Det same vert felles rettleiing. Lærar set opp rettleiingsøkte som vil forgå i digitale klasserom. Ved digital undervisning og rettleiing av heile klassen vil lærar nytte Adobe Connect. Ved rettleiing og refleksjon i små grupper og ein til ein samtalar, vil lærar bruke Teams sin videomodul. Den er svært godt egna til dette formålet.

I tillegg til teoriundervisning vil delar av samlingane nyttast til praktisk undervisning og til relevante gardsbesøk. Studiet føreset at studentane arbeider mykje med teorien mellom samlingane. Sjå tabell 7. Det er difor lagt til rette at faglærar skal kunne rettleie i denne perioden.

Studentane får utlevert oppgåver som dei skal arbeide med heime. Oppgåvene er knytt til tema på samlingane. Svara skal leverast på skulen si på Teams. Oppfølging av oppgåvene vil skje på ulike måtar. Enten ved at løysingsforslag vert delt ut eller ved diskusjon på digitale klasserom eller fysiske klasserom på samling. I tillegg kan studentane nytte mail og telefon etter behov.

Tilbakemelding på skriftleg arbeid er ei veke. Tilbakemelding på mobil og e-post skal skje umiddelbart eller innan eit døgn.

Tabell 6. Gjennomføringsmodell. Fordeling av emne på semester for samlingsbasert deltidstudium.

Emnekode	Emnenamn	Studiepoeng	H 2019	V 2020	H2020	V2021
E1	Økonomi og driftsleiing	10	4	2	2	2
E2	Grovfôrproduksjon	10	5	3	2	0
E3	Mjølkeproduksjon og robotteknologi	30	6	10	9	5
E4	Hovudprosjekt	10	0	0	2	8
	<b>Totalt</b>	<b>60</b>	<b>15</b>	<b>15</b>	<b>15</b>	<b>15</b>

Tilbakemelding på studentarbeid vil bli gjort gjennom den digitale plattform. I tillegg vil det bli gitt tid til tilbakemelding direkte med fagpersonane på samling. Når det gjeld rettleiing av hovudprosjekt må studentane avtale tidspunkt der dei treffer sin rettleiar/fagperson. Det vil være særskilt viktig i forprosjektet at studentane tek kontakt med rettleiar/fagpersonar. Det blir gitt tilbakemelding til studentane etter deira ønskje.

Tabell 7. Fordeling av ulike undervisningsformer og læringsaktivitetar på dei ulike emna, for samlingsbasert deltidsstudium.

Emne- kode	Emnenamn	Studie- poeng	Under- visning på samling	Rettleiing, nettunder- visning mellom samling	Sjølvs- studiu m	Utferd/ bedrifts- gards- besøk	Gruppe- arbeid (inkl. via nett)	Eksam- ens- førebu- ing	Sum
E1	Økonomi og driftsleiing	10	65	20	123	5	50	20	283
E2	Grovfôr- produksjon	10	65	20	133	10	35	20	283
E3	Mjølke- produksjon og robotteknologi	30	250	60	341	80	60	60	851
E4	Hovudprosjekt	10	38	60	140	20	5	20	283
	<b>Totalt</b>	<b>60</b>	<b>418</b>	<b>160</b>	<b>737</b>	<b>115</b>	<b>150</b>	<b>120</b>	<b>1700</b>

### 2.2.2 Varierte undervisningsformer og rettleiing nettstudie med samling

Det blir lagt opp til variert undervisning. Det vil være tradisjonelle førelesningar i klasserom, i tillegg til mykje øvingar i skulen sitt fjøs. Det blir også lagt opp til bedrifts- og gardsbesøk. Dette for at studentane skal komme ut å sjå ulike problemstillingar bli løyst på ulike måtar i praksis. Det er fagansvarleg som er ansvarleg for val av studiebesøk. Det er også naturleg med besøk til slakteri (Førde eller Nordfjord) for å gå meir i djupna på klassifisering av storfleslakt, sjølv om dette ikkje er ein stor del av studiet.

Det er lagt opp til rettleiingstid individuelt og i grupper. Fagleg rettleiinga i noko grad gå føre seg i undervisningstimane på samling, men i stor grad mellom samlingane. (Sjå førre kapittel om organisering av nettstudiet med samling). Studentane kan avtale klassevis rettleiing, rettleiing i små grupper eller individuell rettleiing. Lærar vil sette opp tidspunkt som passar.

All fagskuleutdanning krev at utdanninga er fagleg retta. Gjennom oppgåveløysing blir det lagt til rette for at studentane aktivt kan byggje på dei tidlegare erfaringane sine, og kan reflektere over erfaringane gjennom møte med relevante døme og problemstillingar.

Val av læringsaktivitetar er gjort for at studentane skal få ei vidareutdanning som skal gi studentane ei praktisk og teoretisk spesialisering. I tillegg skal dei utvikle evna til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutføring. Dette skal dei mellom anna vise gjennom hovudprosjekt som er lagt til slutten av studiet.

Sjølvtendig arbeid er ein stor del av nettstudiet. Det er viktig at studentane er bevist dette før dei tek til på studiet. På første samlingar vert studentane oppfordra til å danne studiegrupper. Dei vert samstundes lært opp i bruk av digital videoklasserom i Teams og Adobe Connect.

Faglærarar ved fagskulen, avd. Mo, vil i hovudsak verte nytta til undervisning. Det er også naudsynt å hente inn spisskompetanse både frå næringslivet i fylket, men også nasjonalt. Dette for å sikre best mogleg kvalitet på undervisninga for det einskilde emne. Vi vil primært nytte oss av ressurspersonar frå våre samarbeidspartar, det vil sei organisasjonar i næringa.

### 2.3. Rettleiing og refleksjon for eigen læring

Det er lagt vekt på ei praktisk tilnærming til dei teoretiske tema og arbeidsformene. Dette krev aktiv deltaking frå studentane både gjennom dialog i timane og gjennom oppgåveløysing, både individuelt og i grupper. Det er lagt opp til førelesningar og rettleiing ved arbeid i grupper og individuelt. Faglærarar ved fagskulen, avd. Mo, vil i hovudsak nyttas. Men det er også naudsynt å hente inn kompetanse frå næringslivet, både frå fylket men også nasjonalt. Dette for å sikre best kvalitet på undervisninga for einskilde emne. Vi vil da primært nytte oss av ressurspersonar frå våre samarbeidspartar. Det er også lagt opp til praktiske øvingar ved Mo der det er naudsynte fasilitetar.

### 2.4. Mappedvurdering

Fleire innleveringar og prøver og liknande vil samlast i mappe over tid. På kvart einskild arbeid kan studentane ha fått rettleiing og tilbakemelding undervegs. Arbeidet vert ikkje sensurert separat. Ein sluttvurdering blir satt på bakgrunn av det arbeidet som ligg i mappa. På dato gitt i framdriftsplan skal mappa vere komplett etter krava emnebeskrivinga i studieplanen. Mappa vert sensurert som ein heilskap, og vert gjeve ein karakter. Alle elementa som vert vurdert må ikkje vere bestått for at emnet skal få ein bestått karakter, det er totalvurderinga som er sentral. Sjå meir om vurderingsformer og eksamensformer under kap. 3

### 2.5. Responstid

